
Saknr: 2019/52-6
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Tilrådingar etter evaluering av arbeidet i kontrollutvala i HFK og SFFK i valperioden 2015 - 2019

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet sluttar seg til tilrådingane frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i førre periode.
2. Utvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med tilrådingane.

Samandrag

Denne saka gjer greie for resultatet av evalueringa som kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune i førre valperiode gjorde av eige arbeid.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2015 - 2019
- 2 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune i valperioden 2015 - 2019

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune evaluerte arbeidet i sine utval i valperioden 2015 - 2019, på slutten av førre valperiode. Denne saka gjer grei for resultatet ev denne evalueringa.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saken.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet i **Hordaland** fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 90/19 i møte 25.11.2019:

«Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2015 - 2019 blir å legge fram for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune i valperioden 2019 - 2023.»

Kontrollutvalet i **Sogn og Fjordane** fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak 48/19 i møte 01.10.2019:

«Resultatet av evalueringa av arbeidet i kontrollutvalet i perioden 2015 - 2019 vert å sende til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 2019 - 2023.»

Heile resultatet av begge evalueringane ligg ved som hhv. vedlegg 1 og 2.

Leiar i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i førre periode, Inge Reidar Kallevåg, og leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune i førre periode, Frank Willy Djuvik, vil prøve å vera tilstades i møtet og koma med supplerande informasjon.

Utvalet må så drøfte om dette er innspel dei vil merke seg for arbeidet i denne valperioden.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet sluttar seg til anbefalingane frå utvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune i førre periode. Det vert vidare tilrådd å be sekretariatet arbeide vidare med dette.